

# Skulebruksplan 2024-2032



## Innhald

Innleiing .....	2
Nasjonale føringar .....	4
Opplæringslova .....	5
Læreplan .....	7
Storleik på skular .....	10
Arealmessige forhold .....	10
Kommunale føringar.....	12
Arealplan og framtidige utbyggingar .....	12
Vurdering av kapasitet ved framtidige utbyggingar fram mot 2030 .....	15
Vurdering av moglege konsekvensar for kapasitet knytt til målform .....	15
Rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval .....	16
Vurdering av rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval .....	17
Oppfølging av saker omtala i Skulebruksplan 2020-2028 .....	20
Symjehall.....	20
Kulturskulen.....	20
ATO.....	21
Hognestad skule .....	22
Elevtalsutvikling, tilstand på bygg og vurdering av vidare drift.....	22
Bryne skule .....	23
Rosseland skule.....	24
Hognestad skule .....	25
Frøyland skule.....	27
Lye skule .....	27
Undheim skule .....	28
Frøyland ungdomsskule .....	29
Lye ungdomsskule.....	30
Bryne ungdomsskule.....	31
Vardheia ungdomsskule .....	32
Prioritert oppgradering av skulebygg.....	34

# Innleiing

Førre skulebruksplan, Skulebruksplan 2020- 2028, blei utarbeidd i 2020 og skulle vera gjeldande i økonomiplanperiodane 2020-2024 og 2024-2028. I kommunestyret 27. oktober 2020 (KS-080/20) blei det gjort vedtak om at ny skulebruksplan skal leggjast fram i 2024.

Agenda Kaupang leverte i 2022 rapport *Analyse i grunnskolen* som del av vedtak i Formannskapet 08. februar 2022 (FS-008/22). Oppdraget var ei drifts- og ressursanalyse av grunnskulen i Time grunna økonomisk meirforbruk over fleire år. Rapporten (vedlegg 1) presenterer ein analyse av kostnadar og kvalitet for grunnskulen i Time i 2021 samanlikna med andre kommunar, og gjeldande lovkrav for tenesta. Konklusjonen var at problemet i Time ikkje var kvaliteten på tenesta, men ein underfinansiert skulestruktur. Agenda Kaupang gav følgjande råd med konsekvensutredning som kan ha implikasjonar for vedtak i denne skulebruksplanen: 1. Tilpassa skulestrukturen til budsjettet, eller 2. tilpassa budsjettet til skulestrukturen. I presentasjon av rapport 03.10.2022 kjem det fram at «*Planen (Budsjettet) for 2021 var å drive skolestrukturen 32 millioner kroner billigere enn forventet*». Ei av tilrådingane dersom ein opprettheld same skulestruktur var at budsjettet burde aukast med 10 millionar tilsvarande meirforbruket skulane hadde hatt i 2021.

Status etter årsoppgjeret i 2023, sjølv med auka budsjett i tråd med tilråding, er at det framleis er meirforbruk på skulane tilsvarande 15 millionar kroner. Agenda Kaupang påpeika at Time kommune må gjera grundige vurderingar mellom omsyn til struktur og kvalitet. Dette blir forsterka av nedgangen i elevtalet slik det kjem fram av prognosane i denne planen. I rapporten blir det uttrykt at ein må velja mellom å oppretthalda dagens struktur og redusera nåverande ambisjonar, eller gjera endringar i strukturen og sikra at ressursane kjem elevane, lærarane og skuleleiarane til gode.

Skulebruksplanen 2024- 2032 omhandlar struktur og kapasitet, og det er lagt inn tilstandsopplysningar knytt til bygg i tråd med rettleiaren "*Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger*" for alle skulane i Time kommune.

Planen er utforma med grunnlag i:

- Samfunnsdelen 2022-2034 og Arealdelen 2018-2030
- Lovkrav og nasjonale føringar
- Prognosar for elevtalsutvikling og kapasitet på dei ulike skulane
- Tilstand på bygg og uteområde i tråd med Helsedirektoratet sin rettleiar "*Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger*"
- *Analyse av grunnskolen*, rapport utarbeida av Agenda Kaupang i 2022, med tilhøyrande tilrådingar

Skulebruksplan 2024-2032 går over to planperiodar, og ny skulebruksplan blir lagt fram i 2028.

Skulebruksplan 2024-2032 er delt inn i følgande tema:

- 1. Nasjonale føringar**
- 2. Kommunale føringar**
- 3. Oppfølging** av saker omtala i Skulebruksplan 2020-2028
- 4. Elevtalsutvikling, tilstand på skulebygga og vurdering knytt til vidare drift**

# Nasjonale føringar

Det er opplæringslova §1-1 (gjeldande til 01.08.24) og ny [opplæringslov §1-3](#) gjeldande frå 01.08.2024 som angjev formålet med opplæringa. Overordna del av læreplanverket [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen \(udir.no\)](#) utdjuper verdigrunnlaget i formålsparagrafen, og prinsippa i opplæringa.

Kunnskapsdepartementet har sett nasjonale sektormål for grunnopplæringa. Det er skuleeigars ansvar å leggja til rette for at skulen har den nødvendige kompetansen for å nå desse måla. Sektormåla blir følgt opp i opplæringslov og læreplan.

Sektormål for grunnopplæringa:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæring og utdanning

# Opplæringslova

Ny opplæringslov blei vedteken i Stortinget 09.06.23, og skal tre i kraft med verknad frå 01.08.24. Følgande lovar har innverknad på innhald og struktur i Timeskulen.

## Nærskuleprinsippet

Gjeldande opplæringslov	Ny opplæringslov med verknad frå 01.08.24
<p><u><a href="#">Opplæringslova §8-1</a></u> <i>Skolen</i></p> <p><i>Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.</i></p> <p><i>To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li><i>a. opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til</i></li><li><i>b. det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning</i></li><li><i>c. varigheita på avtalen</i></li><li><i>d. reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og</i></li><li><i>e. anna som etter lov krev avtale.</i></li></ul> <p><i>Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.</i></p>	<p><u><a href="#">Ny opplæringslov §2-6</a></u>. <i>Kva grunnskole eleven skal gå på</i></p> <p><i>Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.</i></p> <p><i>Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.</i></p>
Konsekvensar med ny lov	
<p>Elevane har framleis rett til å gå på ein skule i nærmiljøet, men kommunen står etter ny opplæringslov friare til å definera nærskulen til elevane. Geografi og avstand skal leggest særleg vekt på, men andre omsyn kan òg tas med i tildeling av skuleplass. Dette betyr at politisk skuleeigar kan vedta forskrifter om skulekrinsar der elevane må gå på ein skule som ikkje ligg geografisk nærast, då det kan tas andre omsyn som t.d. fysisk kapasitet og kvalifisert personell.</p>	

## Retten til val av målform

Gjeldande opplæringslov	Ny opplæringslov med verknad frå 01.08.24
<p><a href="#">Opplæringslova §2-5</a> Bokmål og nynorsk i grunnskolen</p> <p><i>Kommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som skriftleg hovudmål.</i></p> <p><i>I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.</i></p> <p><i>Foreldra vel skriftspråket i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.</i></p> <p><i>Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.</i></p> <p><i>Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på årstrinna 1-4, har framleis rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet. Dei har rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er.</i></p> <p><i>Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring. I samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgjevande røysting. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. <a href="#">§ 8-1</a>, og som har røysterett etter <a href="#">valgloven § 2-2</a>. Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre eller forsytar til barn på barnesteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.</i></p>	<p><a href="#">Ny opplæringslov § 3-1</a>. Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen</p> <p><i>Elevane skal ha opplæring i bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av skriftspråka for elevar som får opplæring etter <a href="#">§§ 3-2, 3-3, 3-4</a> eller <a href="#">3-6</a>.</i></p> <p><i>Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruke det skriftspråket som kommunen har vedtatt som hovudmål for skolen. Foreldra til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.</i></p> <p><i>Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skolen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, avgjer kommunen kva skole dei skal få opplæringa på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elevar att i gruppa. Dersom skolestrukturen i kommunen gjer at elevar må overførast til ein skole med eit anna hovudmål enn elevane hadde på 1. til 4. trinn, har dei rett til å bruke og å få opplæring på det hovudmålet dei hadde. Dei har rett til opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, same kor mange dei er.</i></p>


## Konsekvensar

Med lovendringa har nå elevane på 8.-10. òg rett til å gå i ei eiga gruppe dersom det er 10 eller fleire elevar som vel bokmål som hovudmål. Til dømes vil dette konkret utfordra Lye ungdomsskule og Frøyland ungdomsskule som er bygde for ein kapasitet basert på to klassar per trinn. Dersom det blir nødvendig å oppretta eiga bokmålsklasse, i tillegg til dei to nynorskklassane, er det ikkje nok romkapasitet.

## Læreplan

Læreplanverket for Kunnskapsløftet, LK20, består av overordna del, fag- og timefordeling og læreplanar for fag. Dette er forskrifter til opplæringslova og skal styra innhaldet i opplæringa.

[Læreplanverket \(udir.no\)](https://udir.no)



Figur 1: Illustrasjon av innhald i læreplanen LK20.



Kva fag og antal timar elevane skal ha i løpet av grunnskulen, kjem fram i tabellen Ordinær fag- og timefordeling, henta frå [Utdanningsdirektoratet](#)

Fag/trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	Sum	8.-10. trinn	Sum grunnskole
KRLE			427	153	580
Norsk	931	441	1372	398	1770
Matematikk	560	328	888	313	1201
Naturfag	187	179	366	249	615
Engelsk	138	228	366	222	588
Fremmedspråk / fordypning/arbeidslivsfag			0	222	222
Samfunnsfag			385	249	634
Kunst og håndverk			477	146	623
Musikk			285	83	368
Mat og helse			114	83	197
Kroppsoving			478	223	701
Valgfag <sup>3</sup>			0	171	171
Utdanningsvalg			0	110	110
Fleksibel time			38	0	38
Fysisk aktivitet	0	76	76	0	76
<b>Samlet minstetimetall</b>			<b>5272</b>	<b>2622</b>	<b>7894</b>

Tabell 1: oversikt over ordinær fag- og timefordeling for elevar på 1.-10. trinn.

Læreplanen med fag og timefordeling er styrande for innhaldet i skulen, og har betydning for romløyising og kapasitet. Over tid har timefordelinga til praktiske fag endra seg til at det skal gis fleire timar med opplæring i desse faga på barneskulane. Vidare skal elevane på ungdomsskulane i tillegg til engelsk òg ha tilbod om opplæring i eitt ytterlegare framandspråk. Desse kan vera tysk, fransk, spansk eller russisk. Skulane skal som eit alternativ til anna framandspråk òg tilby opplæring i fordjuping i engelsk, norsk, samisk eller matematikk. Dersom elevar vel eit av fordjupingsfaga må skulen gje tilbod om dette uavhengig av kor mange elevar som har valt dette. Som alternativ til anna framandspråk kan det òg gis tilbod om arbeidslivsfag.

Tilbodet om arbeidslivsfag blei ein del av læreplanen i 2015. I arbeidslivsfag skal elevane utvikla praktiske og organisatoriske ferdigheiter, og faget skal vera ein arena for å utforska og skapa. Elevane skal i følge måla i læreplanen “produsera varer og bruka arbeidsmetoder, verktøy og materialer tilpassa arbeidsoppdrag”. Dersom skulane skal kunne tilby arbeidslivsfag krev det at den praktiske avdelinga er tilgjengeleg i desse timane.

Elevane på ungdomstrinnet skal òg ha opplæring i valfag frå 8. trinn, og skulane er plikta til å tilby minst to av 16 ulike valfag per skuleår, jf. [forskrift til opplæringslov §1-14](#).

Det beste er om elevane kan velja mellom fleire og varierte typar valfag, men til det krevst det god nok romkapasitet. Nokre av valfaga krev særskilt eigna rom, og manglande romkapasitet kan føra til at elevane ikkje får tilbod om desse.

Regjeringa tek sikte på å leggja fram ei stortingsmelding i løpet av 2024 med føremål om at det skal leggest til rette for ein meir praktisk og variert skule på 5.- 10. trinn.

Innhaldet i stortingsmeldinga vil kunne ha betydning for kva fag og aktivitetar skulane kan tilby. Med meir vekt på ein praktisk skule, medfører dette at dei praktiske avdelingane på skulane må vera dimensjonerte og ha godt utstyr for å møta dette.

Dersom det blir fleire timar som må gjennomførast i spesialrom, vil dette vera utfordrande dersom tilgangen på spesialrom frå før er avgrensa.

Eksempel på timeplan for 5. trinn, Lye skule:

tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30-09-00	Morgon-samling	Morgon-samling	Kunst og handverk	Engelsk	Symjing
09.00-10-00	Mat og helse	Engelsk	Kunst og handverk	Matematikk	Symjing
10.15-11.15	Mat og helse	Matematikk	Kunst og handverk	Norsk	Norsk
11.15-12.00 mat					
12.00-13.00	Mat og helse	Samfunnsfag	Norsk	Kroppsøving	Musikk
13.00-13.20	Fysisk aktivitet			Fysisk aktivitet	
13.20-14.20	KRLE		Samfunnsfag	Samfunnsfag	

Eksempel på timeplan for 10. trinn, Bryne ungdomsskule:

tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.00-08.50	Matte	Språk/ arbeidslivsfag	Engelsk	Norsk	Naturfag
08.55-09.45	Engelsk	Samfunnsfag	Norsk	Engelsk	Matte
09.55-10.45	Kroppsøving	KRLE	KRLE	Naturfag	Olweus
10.45-11.25 mat					
11.25-12.15	Norsk	Norsk	Matte	Musikk	Samfunn
12.25-13.15	Kunst og handverk		Valfag	Samfunnsfag	Kroppsøving/ symjing
13.20-14.10	Kunst og handverk		Valfag	Språk/ arbeidslivsfag	
14.10-15.00				arbeidslivsfag	

Eksempla på timeplanar på mellomtrinn og ungdomstrinn, viser at det er fleire timar allereie no som er praktiske fag, og som krev spesialrom. Når ein rehabiliterer eller

bygger ny skule, er det viktig å ta omsyn til innhaldet i skulekvardagen, og kva romløysingar som må vera tilgjengelege for å sikra dei praktiske faga.

## Storleik på skular

Tidlegare var det statleg tilrådd å ikkje ha skular som var større enn 450 elevar. Det er no ikkje statlege føringar på skulestorleik.

Grunnskulane i Norge hadde skuleåret 2022/2023 i gjennomsnitt 232 elevar. Det er i snitt ein auke på 25 elevar per skule dei siste 10 åra. [Fakta om grunnskolen \(udir.no\)](#)

Time har fire av ti skular som er under landsgjennomsnittet på elevtal. Utviklinga nasjonalt dei siste fem åra syner ein nedgang i antal skular med mindre enn 100 elevar, medan talet på skular med 300 eller fleire elevar aukar.

I Agenda Kaupang sin rapport, kjem det fram at Time kommune har mindre skular enn samanliknbare kommunar i kommunegruppe 7. Det same gjeld ved ei samanlikning med nabokommunane Hå, Gjesdal og Klepp, i tillegg til Nordre Follo, Rælingen og Øvre Eiker som er rekna som effektive kommunar.

### Arealmessige forhold

I følge ny opplæringslov [§12-7 Det fysiske miljøet](#) har alle elevar «rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det skal leggast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne.»

### Lover og forskrifter knytt til skuleanlegg

[Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger](#) seier mellom anna at lokale og uteområde skal fremja helse, trivsel, lek og læring for alle elevar. Det er verksemda sin eigar som har ansvar for at forskrifta blir oppfylt og stilla til rådighet dei ressursane som er nødvendige for at krava blir oppfylte.

I rettleiar til forskrift [Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Helsedirektoratet](#), er arealnorm for skular presisert:

### «Arealnormer for skoler

*Hva som er tilstrekkelig innendørs areal, må vurderes konkret. Det må tas hensyn til rommenes utforming, møblering og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal kunne legge til rette for varierte arbeidsformer og nødvendig utstyr til undervisning.*

*Klasserom/hovedrom bør være 2,5 kvadratmeter pr. elev, med mindre klassen disponerer tilleggsarealer i nærheten av klasserommet/hovedrommet. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen pr. elev. Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av*

*klasserommet/hovedrommet, kan klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 kvadratmeter pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som for eksempel formidlingsrom og auditorier) være høyere enn normen på 2 kvadratmeter pr. elev tilsier.*

*Forskriften stiller krav til utformingen av uteområder, og ikke krav til arealstørrelse. Kravet til helsefremmende uteområder forutsetter imidlertid at uteområdet har en viss størrelse for å få plass til kvaliteter i utformingen, som naturelementer, variert terreng m.v. for å sikre mangfoldig bruk og forhindre slitasje.»*

Om utforming av uteområde blir følgende presisert:

### **Utforming av uteområder**

*Det er viktig med god tilgang til uteområder med variert innhold og funksjoner tilpasset alle, ulike aldersgrupper og funksjonsnivåer. Barn og elever oppholder seg store deler av dagen i barnehagen eller på skolen, og en god del av aktiviteten foregår ute. Uteområdene er et fristed og en arena for lek, fysisk aktivitet og motorisk utvikling. God utforming av uteområdene kan bidra til å motvirke inaktivitet og stillesitting og dermed også til å bedre barns og elevers helse. Siden barnehager og skoler er arenaer som treffer de fleste barn og unge kan gode uteområder bidra til å redusere sosial ulikhet i helse.*

*Uteområder i barnehager og skoler fungerer i mange tilfeller også som møteplass og arenaer for lek og aktivitet i nærmiljøet, noe som bør tas hensyn til i vurderingen av utformingen av uteområdet.*

*Byggteknisk forskrift § 8-3 (lovdata.no) regulerer krav til uteoppholdsareal ved oppføring av bygninger. Byggteknisk forskrift stiller krav om følgende:*

- *Uteoppholdsarealer skal etter sin funksjon være egnet for rekreasjon, lek og aktiviteter for ulike aldersgrupper.*
- *Uteoppholdsarealer skal plasseres og utformes slik at det oppnås god kvalitet med hensyn til sol- og lysforhold, støy- og annen miljøbelastning.*
- *Uteoppholdsarealer skal utformes slik at personer ikke utsettes for farer, herunder lekearealer skal avskjermes mot trafikk.*
- *nivåforskjeller skal sikres slik at fallskader forebygges.*
- *sikring av eventuelle basseng, brønn eller lignende.*

### **Krav om universell utforming.**

*I planleggingen av uteområder, herunder valg av beliggenhet (se § 5) for barnehager og skoler bør det også tas hensyn til:*

- *Naturelementer og variert terreng*

*Uteområdet bør omfatte naturområder eller naturelementer, som viktige bidrag for rekreasjon, allsidig aktivitet, lek og læring. Vegetasjon er viktig for å ivareta skygge og motvirke helseskadelig UV-stråling, og kan også bidra til å dempe støy og absorbere luftforurensning.*

- Mangfoldig bruk og tilgjengelighet for alle

*Uteområdene bør invitere til samhandling, fysisk og sosial aktivitet, rekreasjon og hvile med varierte funksjoner tilpasset alle.*

*Uteområdene bør stimulere til varierte egenorganiserte og organiserte aktiviteter for alle, herunder ulike aldersgrupper og funksjonsnivå.*

*Uteområdene må være utformet slik at de sikrer tilgjengelighet for alle.*

- Trafikksikre omgivelser

*Sørge for trafikksikre omgivelser og trygg adkomst.*

*Hjertesone er et samarbeid mellom mange aktører som alle ønsker å fremme barns trygghet, sikkerhet og helse på skoleveien, se Hjertesone – tryggere skolevei hos Trygg Trafikk.*

## Kommunale føringar

### Arealplan og framtidige utbyggingar

Kommuneplanen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. [Kommuneplan Time kommune, 2018-2030- Arealdelen](#), blei vedteken i kommunestyret juni 2021, medan [kommuneplanen sin samfunnsdel](#) blei godkjent september 2022. Nytt i samfunnsdelen er at den innehar eit kommunalt jordvernmål. Jordvernmålet inneber at krava til rekkefølge når framtidige område kan byggast ut, må bli justerte ved neste revidering av arealdelen. Til dømes skal område som kunne byggast ut etter 2030, no ikkje kunne bli bygd ut før etter 2050. Planane er viktige grunnlagsdokument for skulebruksplanen for å sikra at det er kapasitet, kunne vurdere eksisterande skular, og for å avdekka framtidig behov for nye skular. For å sikra langsiktig perspektiv må ein òg sjå på, og vurdere konsekvensane av, planlagde utbyggingsområde ut over planperioden der dette ligg føre.

I [Timeplan 2024- 2027](#) er det utarbeida ei ny framskriving, som viser prognosar for folkeveksten i tettstadene i Time kommune fram mot 2033.




Diagram 1: Framskriving av befolkningsvekst i dei ulike tettstadene fram til 2033.

Som i tidlegare skulebruksplanar, viser framskrivinga at befolkningsveksten vil vera størst på Bryne og Kvernaland. Tala for Lyefjell og Undheim viser ein mindre auke i folketalet, medan det på Hognestad er ein nedgang i folketal fram mot 2033.

Framskrivinga i diagrammet under viser ein nedgang i talet på barn i skulealder fram til 2035. Størst nedgang er det i barneskulealder. Det er stor usikkerheit knytt til aldersgruppa 0-5 år då ein ikkje veit kor mange som blir fødde i framtida.




Diagram 2: Grafisk framstilling av befolkningsvekst i ulike aldersgrupper fram til 2035.

Mål som er sett for kommunen i Arealdelen er "...å skapa eit samfunn som fremmar helse og skapar trivsel for alle innbyggjarane. Gjennom planlegging vil kommunen leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde. Eigne areal- og

fortettingsstrategiar for dei ulike tettstadane og for Bryne skal sikra varierte bustadtypar og attraktive bumiljø med sosiale møteplassar, område for leik, rekreasjon og nærfriluftsliv for barn, unge og vaksne.”

Vidare blir det lagt vekt på at: “For å kunna ha gode kvardagsliv i byen og tettstadane må mennesket settast i fokus når me skal bu tettare. Innbyggerane sin kvardag har sitt utspring i heimen. Derfor er det viktig å sjå på kva for bustadar og bumiljø me ønsker å leggja til rette for, plassering av aktivitetar mange nyttar og korleis det er å koma seg til dei ulike målpunkta til fots, med sykkel eller i bil. Det skal leggest vekt på arbeidsplassar, butikkar, friområde, organiserte fritidsaktivitetar, leikeplassar, skule og barnehage.”

Strategien i planen er ei fortetting og ei «innan frå og ut»-utvikling på dei ulike tettstadane og på Bryne. For Bryne er det utforma ein eigen kommunedelplan der dette er fastsett. For Kvernelandsområdet viser kommuneplanen fire utbyggingsområde, med moglegheit for transformasjon av tidlegare Kvernelands fabrikk. Lyefjell har ikkje særlege moglegheiter for fortetting, men er planlagt med eitt nytt utbyggingsområde. På lang sikt blir Lyefjell vurdert som eit viktig område for vidare planløyising på Jæren. På Undheim er det godkjente reguleringsplanar som vil kunna dekkja behovet for bustadar i planperioden. På Hognestad blir det ikkje lagt til rette for ny utviklingsmoglegheit. Arealdelen presenterer med dette retninga på utviklinga på lang sikt for kommunen. Arealdelen og Timeplan 2024-2027 utgjør eit viktig grunnlag i vurderingane som skal gjerast knytt til utviklinga av skulestrukturen framover i tid.

Det nye rekkefølgekravet som er skriva inn i Samfunnsdelen 2022-2034 vil ha konsekvensar for tempo på utbygging. Dette vil måtta bli vurdert ved neste revidering av arealdelen. Ser ein ut over perioden for *Kommuneplan Time kommune 2018-2030* for Bryne, kjem det fram av godkjente reguleringsplanar, at det potensielt kan bli stor vekst i området som i dag soknar til Bryne skule.

Jordvernmålet inneber at krava vedrørande rekkefølge når framtidige område kan byggast ut, må bli justerte ved neste revidering av arealdelen. Rekkefølgekrava innan 2030 må differensierast innan perioden 2025-2050, medan rekkefølgekrava etter 2030 må forskyvast til etter 2050.




Diagram 3: Bustadreserve i Time kommune

Diagram 3, baserer seg på godkjende fortetningsområder i dei ulike skulekrinsane (detaljert oversikt, vedlegg 2). Diagrammet viser at for barneskulane er det Bryne skulekrins som er det største nedslagsfeltet for framtidig utbygging ut over planperioden. Prognosane som ligg til grunn for Skulebruksplanen 2024-2032 tek ikkje høgd for den potensielle utbygginga som kan koma etter 2030 og 2050.

### Vurdering av kapasitet ved framtidige utbyggingar fram mot 2030

Frøyland skule og skulane på Undheim og Lye har god kapasitet til å imøtekoma vekst ved fortetting og utbygging. Frøyland ungdomsskule går ut over kapasitet i 2023, og dette er løyst ved å bygga om deler av bygget, og om behov gjennom sambruk med Frøyland skule. Både Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule har god kapasitet med planlagt utbygging i planperioden. Bryne skule har kapasitet ved ein eventuell vekst når ein nyttar ekstrarom i brakkene. Elevtalet ved Rosseland skule vil frå 2024 gå ned, og har god kapasitet ut planperioden. Det er ikkje planlagt for meir enn 5 bueiningar på Hognestad og skulen har god kapasitet.

### Vurdering av moglege konsekvensar for kapasitet knytt til målform

Ny opplæringslov gjev no elevane på 8.- 10. trinn rett til å gå i eiga gruppe ut frå valt målform, tidlegare omtala i planen under Nasjonale føringar, Opplæringslova. Tidlegare har denne retten vore gjeldande på 1.- 7. trinn. Dette betyr at både barne- og ungdomsskular kan måtta oppretta klassar der 10 elevar eller fleire ønsker å gå i eigen klasse. Dette kan få konsekvensar for kapasitet og i nokre tilfelle for kor elevane kan få dette tilbudet. Problemstillinga knytt til kva konsekvensar denne



endringa i opplæringslova kan medføra blei sendt til SU. I innspela kom det fram at ny lov tek vekk ein del av fleksibiliteten, og at det kan bli vanskelegare for skulane å skapa eit godt læringsmiljø når klassane blir sett saman ut frå valt målform. Når skulen må oppretta ekstra klassar, kan dette føra til ulik storleik på klassane på trinnet, kapasitetsutfordringar knytt til nok klasserom og ei skeivfordeling av ressursar.

## Rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval

I kommunestyret 27. oktober 2020 (KS-080/20) blei det gjort vedtak om rettleiande skulekrinsar i Time kommune. Skulekrinsane definerer kva skule elevane soknar til. Skulekrinsane er «rettleiande» då ein i Time kommune har fritt skuleval. Det har vore fritt skuleval sidan 2010 i Time kommune. Moglegheita til å velja skule har i liten grad påverka foreldre og elevar sine val fram til 2021 då ny ungdomsskule i Vardheia opna.

I Time kommune kan elevar som skal starta i 1. og 8. trinn søka om anna skule enn skulen dei soknar til. Er det kapasitet ved ønska skule, får eleven innvilga skuleplass. Det er få søknadar om å gå på anna skule enn den dei soknar til på 1. trinn, og søknadar er grunnjevne med geografisk avstand. Det er svært få elevar som har søkt om anna skule enn den dei soknar til på Frøyland og Lye, medan det er mange søknadar om å gå på anna skule enn den ein soknar til på 8. trinn på Bryne.

I samband med sist skulebruksplan og forslag til rettleiande kringsgrenser, var forslaget frå administrasjonen basert på grunnkretsane slik dei ligg inne i Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS). Ein grunnkrets er ei fast inndeling av kommunane i mindre einingar. Formålet med inndelinga er å gje eit fleksibelt grunnlag for kommunal analyse som rapportering av statistikk for t.d. Statistisk sentralbyrå.

I administrasjonen sine forslag skulle elevane som bur i grunnkrets Norheim 202 høyra til Vardheia ungdomsskule (kart 1 og 2 i vedlegg 3). I høyringsrunden kom det innspel frå FAU Rosseland om å endra dette. I praksis medførte endra vedtak til at elevane som høyrer til i grunnkrets Norheim 202 (kart 3 i vedlegg 3) blei delt, og elevane skulle fordela seg på Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule (kart 4 i vedlegg 3). Konsekvensen av dette er at ein ikkje kan henta ut prognosar frå området gjennom Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS). I utarbeiding av prognosane for Vardheia ungdomsskule og Bryne ungdomsskule i skulebruksplanen har ein derfor måtta gjennomføra ei manuell teljing for å kunne estimera framtidig elevtal. Desse tala baserer seg berre på elevar som per i dag bur i denne grunnkretsen, og tek ikkje høgde for dei andre variablane som skal vera del av ein prognose.

## Vurdering av rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval

Sidan skuleåret 2021/2022 har elevar på 7. trinn ved Bryne skule, Hognestad skule og Rosseland skule kunna velja ungdomsskule då det blei to ungdomsskular i Bryne sentrum.

Tabellen under viser kor mange prosent av elevane på 7. trinn på dei tre barneskulane som har søkt seg til anna skule enn den ungdomsskulen dei soknar til etter rettleiande kringsgrenser frå og med skuleåret 2021/2022.

Søknad for skuleår	Bryne skule	Hognestad skule	Rosseland skule
2021/2022	29%	0%	34%
2022/2023	22%	0%	50%
2023/2024	28%	0%	39%
2024/2025	18%	0%	51%

Tabell 3: prosentvis del av elevar frå dei tre barneskulane som har søkt seg til anna skule enn den ungdomsskulen ein soknar til.

Ved søknad om opptak til anna skule i Time kommune skriv føresette grunngjeving for søknaden. Etter gjennomgang av alle søknadane kjem det fram at 70% av alle søknadane er grunngjeve med vennskap, eller at andre vennar har søkt, 7% oppgjer at dei ønsker eit miljøskifte, 17% oppgjer at søknaden skuldast at ønska skule er geografisk nærmare og 6% vil gå på ein anna skule grunna fasilitetar. Det har i løpet av dei fire åra kome inn 208 søknader. Etter å ha fått innvilga anna skule har 8% angra og søkt om å gå skulen dei opphaveleg soknar til.

Ny opplæringslov §2-6 knytt til kva skule elevane skal gå på, gjev framleis elevane rett til å gå på ein skule i nærmiljøet, men skuleeigar står no friare til å definera nærskulen til elevane ut frå andre omsyn enn geografi og avstand. I utarbeiding av skulebruksplanen har ein som del av saksutgreiinga valt å få innspel på spørsmålet om kringsgrenser frå føresette med elevar på 7. og 8. trinn ved Bryne skule, Bryne ungdomsskule, Hognestad skule, Rosseland skule og Vardheia ungdomsskule. Dei føresette svarte på kva som hadde vore bra, og kva som hadde vore utfordrande med å kunne velja anna ungdomsskule. Det var 64 som svarte på undersøkinga.

### Foreldra

Svara i innspelsrunden er ikkje eintydige i kva som er best løysing. Det kjem fram av svara at noko av det ein synst er bra med fritt skuleval, er valfridom og moglegheit for å kunna søka seg til same skule som vennane har søkt seg til.

«Å fortsatt kunne gå på same skule som bestevenene. Flott å kunne ha valet mellom skuler og samanlikne de».

«Fint å kunne velge ein anna skule utan dei ein ikkje vil gå på skule med.».

«Moglegheit til å få ein trygg start på ungdomsskulen når vener vel same skule».

På spørsmål om kva som har vore utfordrande, kjem det fram at fleire av respondentane ikkje har hatt noko problem med valet. Andre synst at det blir brukt

mykje energi på å finne ut kva skule ein skal gå på, og trekk fram at valet kan vera ekskluderande.

*«Jeg synes det er en utfordring med fritt skulevalg. Elevane velger skole ut fra vennegjenger, dette er ikke bra. Elevene er ikke gamle nok til å ta disse valga, og foreldrene lar seg påvirke. Dette fører til at vi får skoler som ikke har mangfold. Det blir veldig homogene grupper på skolene som ikke er bra. Gjenger bestemmer hvilken skole som er "kul".*

*«Det blir ekskluderende miljø blant ungene av det valget. Vårt barn hadde ingen nære venner på barneskolen og følte seg enda mer alene da «alle andre» brukte masse tid på skole, friminutt og fritid for å sikre seg at sine venner valgte samme skole som de selv gjorde».*

## **Elevråda**

Tilbakemeldingane i innspelsrunden frå fem av elevråda viser at dei synst det er greitt slik det er i dag. Dei uttalar at dei set pris på å kunne søka seg til same skulen som vennane skal gå på, og at det er valfridom. Ulempa med dette er at dersom store gjengar vel seg til same skule for å vera i lag, kan det føra til ekskludering av andre.

## **Leiinga på skulane**

Vurdering frå leiinga ved Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule i innspelsrunden er at det har vore ei grei fordeling av tal på elevar når skulen starta, men det kan gje nokre praktiske, pedagogiske og miljømessige utfordringar når elevar ombestemmer seg midt i skuleåret. Ein ser òg at ein kan få meir homogene grupper, der ein vennegjeng med felles interesser søker seg til ein ungdomsskule. Skulane registrerer òg at føresette og elevar vel vekk elevgrupper/ elevar gjennom skuleval. Ein ser ei polarisering av elevgruppene. Leiinga ved Vardheia er positiv til fritt skuleval under føresetnad om at dei praktiske systema med tidsfristar held fram, og at det blir sett ei maksgrense på 28 elevar per klasse for å sikra plass til nye elevar med rett til skuleplass. Leiinga ved Bryne ungdomsskule uttrykker eit stort ønske om faste skulekrinsar fordi ein vurderer at det er meir inkluderande og at det gjev betre mangfald i elevgruppa. Faste skulekrinsar vil òg ta vekk ein sosial stressfaktor som for nokon startar langt ned i barnetrinnet.

## **Samarbeidsutvala**

Samarbeidsutvala (SU) ved dei ti grunnskulane i Time gav i innspelsrunden svar på spørsmål om fritt skuleval versus innføring av faste skulekrinsar. I samarbeidsutvala sit elevar, føresette, tilsette ved skulen, rektor og ein politikkrepresentant frå Utval for levekår, og er skulane sine formelle medverknadsorgan.

Innspela frå SU syntte både fordelar og ulemper med fritt skuleval.

Argument for å ha fritt skuleval:

- mogleg å kunne velja anna skule enn ein høyrer til ut frå rettleiande skulekrinsar
- kan søka seg til same skulen som vennane har søkt
- meir positivt innstilt til den skulen ein har valt

Argument mot fritt skuleval:

- val blir tatt basert på vennskap, som kan endra seg
- uro i elevgruppa, langt ned i barneskulen
- usikkert om det er foreldra eller elevane som vel
- elevane veit ikkje kva dei vil velja
- stort val å ta for elevar som er 12- 13 år
- kan bli ei utfordring med kapasitet

Med utgangspunkt i opplæringslova og prinsipp og verdiar som skal gjelda i opplæringa og vurdering av barns beste, har Time kommune gjort ei fagleg vurdering av konsekvensar av fritt skuleval:

- Sårbare barn blir meir utsett for utanforskap og utrygt skulemiljø. Dette bryt med det overordna målet om at alle barn har rett til eit trygt og godt skulemiljø og skulen sitt skjerpa ansvar ovanfor sårbare elevar
- Det skapar sosial uro og stress ned på barneskulen fordi mange elevar og føresette fryktar utanforskap og tap av relasjonar som òg strir mot retten til trygt og godt miljø
- Forsterking av sosiale forskjellar. Dei sosialt sterke får fleire å vera saman med, medan dei sosialt sårbare kan få færre
- Elevane er unge til å ta eit velgrunna val om ungdomsskule
- Fritt skuleval kan føra til klassar med homogene grupper og gjera det utfordrande for skulen og oppdraget om å vera ein arena for sosial utjamning
- Barns rett til utdanning er ivaretatt på begge skular

Skulen har eit skjerpa ansvar for å ivareta sårbare barn, og behovet deira må vega tyngst. Føresette og elevane sine svar er ikkje eintydige i kva som er den beste løysinga. Time kommune har ansvar for at opplæringstilbodet er i tråd med gjeldande lover og forskrifter, og kan ikkje ta avgjerder som er i strid med dette.

Etter gjennomført høyring av utkast til Skulebruksplan 2024-2032, kjem det fram at eit fleirtal av høyringsinstansane støttar innføring av faste kringsgrenser.

Den faglege vurderinga, saman med innspel frå SU og at eit fleirtal av svara etter høyringsrunden støtter å innføra faste kringsgrenser, medfører at det blir tilrådd å innføra faste kringsgrenser for 1.- 10. trinn. Det vil i tråd med lovkravet unntaksvis vil

vera mogleg å søka skulebytte. I dei tilfella der andre omsyn enn geografi og avstand vert avgjerande for kva skule elevane skal gå på, vert det lagt objektive kriterium som til dømes kapasitet til grunn.

# Oppfølging av saker omtala i Skulebruksplan 2020-2028

## Symjehall

I følge læreplanen LK20 er symjing er ein del av faget kroppsøving. Det er krav til symjeopplæring på 2., 4., 7. og 10. trinn. Elevane i Time kommune får i dag opplæring i Sivdambassenget og Bryne symjehall, i tillegg leiger kommunen Klepphallen ein dag i veka skuleåret 2023/2024.

I kommunestyret 09. mai 2023 (KS- 032/23) blei forprosjektet 3801- Symjehall i Tralfavegen vedtatt.

I kommunestyret 12. desember 2023 (KS-091/23) blei det lagt inn midlar til bygging av symjehall. Målet er at symjehallen skal opnast skuleåret 2026/ 2027.

## Kulturskulen

Time kulturskule har i dag ca. 700 aktive elevplassar. Kulturskulen tilbyr undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag med opplæring innanfor eit breitt spekter innan fagområda musikk, dans/ballett, drama/teater, kunsthøgskule og skapande skrivekunst. Dette krev ulike særleg tilpassa læringsrom for utøving. Time kulturskule er i dag lokalisert på Bryne skule. Kulturskulen har hatt vekst i aktive elevplassar dei siste åra. Framskrivning viser også ei framtidig vidare vekst i elevtalet på Bryne skule, noko som utfordrar sambruken i forhold til tilgjengelege lokalitetar for begge skuleslaga. Time kulturskule har behov for etablering i eigne lokale. Skulen har eit breitt og attraktivt tilbod som krev eit mangfaldig romprogram etter fagleg standard. Det er òg viktig å tenkja framover og skapa rom for fleksible løysingar som vil kunna ivareta ei fagutviding i kulturskulen. Det må leggast til rette for fleksible rom som kan møta morgondagens behov og som eventuelt òg kan nyttast av lokale korps/kor/orkester i kommunen.

Sidan sist skulebruksplan er det lagt fram to saker om nye lokale til kulturskulen KS-077/21 og KS-091/22.

*Sak KS-077/21 Vedtak: Levekår ber administrasjonen koma med alternative forslag til permanente lokaler, på Bryne, for Time kulturskule innan tredje kvartal 2022. Ber om at arealbehov også utredes i saken.*

Sak KS091/22: Vedtak: Sak om forslag til permanente lokalar for Time kulturskule tas til orientering.

I sistnemnde sak konkluderte kommunedirektøren slik:

*Kommunedirektøren har ikkje funne rom for å prioritera ei slik investering i framlagd forslag til økonomiplan for perioden 2023-2026. Det vil derfor framleis vera nødvendig å finna best moglege løysingar innanfor dei eksisterande rammene på Bryne skule.*

I økonomiplan for 2023-2026 var det politisk vedtak med avsett sum i 2025 til forarbeid og utgreiing om mogleg lokalisering av kulturskulen. Dette blei revidert i ny plan 2024-2027 og utsett til 2026.

I økonomiplan for 2024- 2027 er det ikkje lagt inn investering til nye lokale, og Kulturskulen vil inntil vidare vera lokalisert i sambruk med Bryne skule. Prognosane for elevtalsutviklinga i ordinær grunnskuleopplæring viser ein vekst på 18 elevar ved Bryne skule i planperioden fram til 2032. Skulen har med brakkene kapasitet til 546 elevar. Brakkene blir i dag brukt av Time kulturskule. Sambruken medfører at lokala blir brukt fullt ut frå tidleg morgon til sein ettermiddag. Det er i høyringssvara gitt tydeleg uttrykk frå Time kulturskule, Utdanningsforbundet ved Bryne skule og Time musikkråd at det er behov for å finna ei betre og framtidsretta løysing som tek i vare behova til begge skulane.

## ATO

I kommunestyret 27. oktober (KS-080/20) og behandling av skulebruksplan 2020-2028, blei det gjort vedtak om avdeling for tilrettelagt opplæring (ATO):

*Time kommune inngår vertskommunesamarbeid med Klepp kommune om felles ATO-avdeling i Klepp. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida forslag til avtale som skal leggjast fram for kommunestyret.*

Kommunestyret bad i interpellasjon 2. november 2021 ( KS-070/21) administrasjonen leggja fram ei utgreiing av ATO- avdeling så fort som mogleg.

I kommunestyret 21. juni 2022 (KS- 041/22) blei det gjort følgande vedtak om ATO-avdeling:

*Det vert oppretta ei eiga ATO- avdeling i Time kommune, som skal lokalisrast i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*

- 1. Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*
- 2. Mål om at ATO- avdelinga er klar til oppstart august 2023.*

I vedtekne Økonomiplanar for 2023 (KS-080/22) og for 2024 (KS- 091/23) er det lagt inn midlar til forprosjektering, bygg og drift.

I kommunestyret 20. februar 2024 (KS-004/24) blei forprosjektet for alternativ 1 vedteke. ATO- avdelinga skal etter planen tas i bruk frå skulestart 2025.

## Hognestad skule

I kommunestyret 27. oktober (KS-080/20) og behandling av skulebruksplan 2020-2028, blei det gjort følgjande vedtak om drifta på Hognestad skule:

*Drifta på Hognestad skule blir oppretthalde. Kommunestyret ber administrasjonen greie ut korleis Hognestad skule kan rehabiliterast for ein betydelig lågare sum enn det som er beskreve i saka.*

Norconsult utarbeida først i 2020 ein rapport med tilstandsvurdering av eksisterande bygningsmasse og ei studie av moglege utbyggingsløyningar, og vidare ein ny rapport i 2022 med oppdrag om å sjå på eit litt mindre skuleanlegg for 90 elevar.

I kommunestyret 3. mai 2022 (KS-021/22) blei det vedtatt at Hognestad skule skal rehabiliterast i tråd med alternativ 2 i rapporten *Utgreiing framtidig skulebygg*. (vedlegg 4) Prosjektet blei då estimert til 50,8 millionar kroner, og skulle innarbeidast i økonomiplan 2023-2026. Vedtaket i kommunestyret 12. desember 2023 (KS-091/23) medførte at tiltaket blei skyvd ut av økonomiplanperioden for 2024-2027.

## Elevtalsutvikling, tilstand på bygg og vurdering av vidare drift

Time kommune framskriv befolkningstala ved bruk av Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS). Modellen er basert på

- eksisterande og forventa bustadbygging i framtida.
- statistikk frå SSB (fødslar, dødstal og flyttmønster)

Prognosane er basert på historiske tal 6 år tilbake i tid for nøkkeltal som er brukt i modellen. Desse nøkkeltala er fordelte per grunnkrets og aldersgruppe.

Skulane blir presentert med diagram som syner framskriving av tal for elevtalsutvikling i komande planperiode, og det er lagt inn kva som er kapasiteten ved den enkelte skulen. Det er merka med grønt der det er kapasitet, og raudt der elevtalet går ut over kapasiteten. Vidare gis det informasjon om tilstand på bygg og uteområde, og til sist ei vurdering knytt til vidare drift av den enkelte skulen.

# Bryne skule

## Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	506	512	506	508	507	513	513	517	524
Elevar	492	498	492	494	494	498	499	503	510
Kapasitet utan brakker	490	490	490	490	490	490	490	490	490
Kapasitet med brakker	546	546	546	546	546	546	546	546	546
Ledig kapasitet	● 54	● 48	● 54	● 52	● 52	● 48	● 47	● 43	● 36

Skulen har kapasitet for 490 elevar. Prognosen viser ein auke på 18 elevar i planperioden. Elevane vil fordela seg på ulike trinn, og det blir vurdert at ein så liten auke vil kunne løysast utan å nytta brakke. Bryne skule og Time kulturskule er samlokalisert og bruker felles lokale. I tillegg til Bryne skule sine elevar er det om lag 700 elevar som deltek i undervisning i regi av Kulturskulen etter skuletid. Brakke blir i dag nytta av Kulturskulen. Ved behov må det sjåast på mogleg sambruk av desse.

Bryne skule har innføringsklassar for 2.- 7. trinn i Time kommune. Det medfører at skulen må ha kapasitet til opplæring for eit varierende tal elevar som kan gå inntil 2 år i dette tilbodet. Per i dag blir det nytta to ordinære klasserom til dei to innføringsklassane. Prognosen tek ikkje høgde for desse elevane.

Det har vore ei utfordring med kapasitet i gymsalen ved Bryne skule. Dette blir løyst ved at skulen får tilgang til timar i Timehallen frå januar 2024. Bryne skule har per i dag berre nynorsk-klassar. Dersom det blir oppretta bokmålsgrupper kan dette utfordra kapasiteten med klasserom.

Prognosen viser at det er kapasitet i planperioden.

## Tilstand på skulebygg

Bryne skule ligg sentralt i Bryne sentrum og er bygd ut i fleire etappar, der siste ombygging sto ferdig i 2006. Skulen har eit oppgradert og godt uteområde, som stod ferdig i 2022 i samband med 100 årsjubileet. Skulebygga er delvis universelt utforma.

Det er gjort ein del vedlikehald på skulen dei siste åra, men det er framleis behov for ein del utbetringar. Mellom anna er det behov for ei utviding og oppgradering av kjøkken/kantinedel til SFO, då det har vore ei stor auke i tal på elevar som nyttar SFO. Det er òg krav om å etablera fettutskiljar for skulekjøkken og SFO-kjøkken. Dette er planlagt utført i 2024.

**Teknisk anlegg** på denne skulen er i generelt god stand, men det er behov for ei oppgradering av ventilasjonsanlegg, varmpumpe, varmevekslar, og varmestyring til ein estimert kostnad på om lag 3 millionar kroner. Nye lovkrav som omhandlar lysstoffrøyr, gjer at det er eit stort behov for å skifta ut belysninga på skulen. Kostnaden for dette arbeidet er estimert til omlag 4 millionar kroner.



**Energiøkonomisk** har delar av bygningsmassen behov for å bytta ut nokre gamle vindauge. Estimert kostnad 1,5 millionar kroner. Det er montert solcelleanlegg på deler av skulen, men det er plass til utviding av dette anlegget til ein kostnad på om lag 1 millionar kroner.

**Brannteknisk** manglar ein eit heilskapleg brannkonsept for å få oversikt over feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard.

### Vurdering knytt til vidare drift

Bryne skule har eit relativt stabilt elevtal og det er kapasitet i planperioden. Samlokaliseringa med Time kulturskule medfører at det til dømes er utfordrande å ha nok skjerma oppbevaring av utstyr. I dag har Bryne skule òg ansvaret for innføringstilbodet for elevar på 2.- 7. trinn i Time kommune. Dette medfører at dei bruker to klasserom i tillegg til dei ordinære klassane. Romkapasiteten ved Bryne skule må vurderast i komande skulebruksplanar. Dersom elevtalet medfører at alle rom må brukast til ordinær opplæring, må det vurderast å leggja innføringsklassane til ein annan skule. Det er eit estimert behov for oppgradering pålydande 10 millionar kroner.

## Rosseland skule

### Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	538	521	510	488	488	472	464	462	459
Elevar	529	512	501	479	479	464	456	454	451
Kapasitet	693	693	693	693	693	693	693	693	693
Ledig kapasitet	● 164	● 181	● 192	● 214	● 214	● 229	● 237	● 239	● 242

Rosseland skule har med bygg D kapasitet for 693 elevar. Rosseland skule utan bygg D er bygd med kapasitet for 525 elevar. Skulen er bygd som ein baseskule med 75 elevar fordelt per trinn. Ei utfordring med denne løysinga er at talet på elevar vil variera mellom trinn. Dersom talet på dei ulike trinna går over 75 elevar, skapar dette utfordringar knytt til rom. Prognosen viser at veksten går nedover fram mot 2032, og at det frå 2025 i teorien er kapasitet utan å nytta bygg D. Når ein ser på utviklinga for dei ulike trinna, viser prognosen at:

Følgande trinn er under 75 elevar frå nemnte skuleår og ut planperioden.

- 2025- 2026: 1. trinn, 2. trinn og 3. trinn.
- 2026- 2027: 4. trinn.
- 2027- 2028: 5. trinn.
- 2028- 2029: 6. trinn.
- 2029- 2030: 7. trinn.

trinn	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32
1 trinn	68	67	63	63	63	62	62
2 trinn	66	68	67	64	64	63	63
3 trinn	74	66	68	67	65	64	64
4 trinn	82	73	66	68	67	64	65
5 trinn	62	81	73	66	68	66	64
6 trinn	84	62	80	73	66	67	66
7 trinn	78	83	63	80	73	67	66

Om 5 år, i skuleåret 2029- 2030, er det plass til alle elevane på Rosseland skule.

### Tilstand på skulebygg

Rosseland skule ligg plassert tett på Bryne sentrum, nær Timehallen og Bryne storhall. Skulen blei bygd om i 2010 der det blei behaldt eit påbygg som var frå 1997. Bygg D blei tatt i bruk i 2018, og her blei det i 2022 laga nye lokale til mat- og helsefaget. Rosseland skule er godt universelt tilrettelagt.

**Teknisk og energiøkonomisk** er denne skulen i god stand. Solceller kan monterast, og har stort potensiale opp mot 440kWp med kostnad på 6,5 millionar kroner.

**Brannteknisk** har denne skulen ein grei standard, men bytte av brannsentral frå 2010 må vurderast etter kvart. Dette har ein estimert kostnad på om lag 200.000 kr.

### Vurdering knytt til vidare drift

Rosseland skule har nedgåande elevtal i planperioden, og det er svært god kapasitet i heile perioden. Om 5 år, i skuleåret 2029- 2030, er det plass til alle elevane i hovudbygget på Rosseland skule. Det er ikkje behov for teknisk og energiøkonomisk oppgradering av skulen.

## Hognestad skule

### Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	67	63	55	56	53	53	51	49	48
Elevar	64	63	55	56	53	53	51	49	48
Kapasitet	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Ledig kapasitet	● 36	● 37	● 45	● 44	● 47	● 47	● 49	● 51	● 52

Hognestad skule har kapasitet til 100 elevar. Prognosen viser at elevtalsutviklinga vil gå frå 64 til underkant av 50 fram mot 2032, og det er god kapasitet ut over planperioden.

### Tilstand på skulebygg

Hognestad skule har eit hovudbygg frå 1934, og er vidare bygd på i 1963, 1985 og i 2005. Det er gjort noko vedlikehald og oppgraderingar dei siste åra. Dette som del av

tiltak i handlingsplanen (vedlegg 5) som blei utforma for å lukka avvik etter synfaring av miljøretta helsevern i 2018 (vedlegg 6). Plassbehov grunna utfordringar med fysiske tilhøve i eksisterande bygningsmasse blei løyst med modulbygg. I samband med utarbeiding av Skulebruksplan 2020-2028 blei det utarbeida eit notat i 2020 (vedlegg 7) av kommuneoverlegen knytt til fysiske tilhøve ved skulen. Her kjem det fram at det er utfordringar knytt til lys og lyd i modulbygg. Det er gjort tiltak for å sikra midlertidige godkjenningar av modulbygg, men det er valt å venta med andre tiltak i påvente av avklaring knytt til vidare drift. Kommuneoverlegen fatta i 2022 på ny vedtak om midlertidig bruk av modulbygget til august 2024 (vedlegg 8). Etter synfaring februar 2024 har kommunelegen fatta vedtak om at modulbygget er godkjent for undervisning (vedlegg 9). Det er ein del manglar i forhold til universell utforming på denne skulen. Skulen har eit relativt nytt og funksjonelt uterom.

Når det gjeld tilstanden på **teknisk anlegg, branntekniske og energjøkonomiske** forhold, må dette sjåast i samband med renovering av skulen.

### Vurdering knytt til vidare drift

Hognestad skule har nedgåande elevtal i planperioden, og god kapasitet. Det er ikkje planlagt for utbygging av meir enn 5 bueiningar i Hognestad skulekrins, og dette medfører vedvarande låge elevtal.

Norconsult sin rapport utarbeidd i 2022, syner at utbetring og tilbygg på dåverande tidspunkt blei estimert til 50,8 millionar kroner. I økonomiplan 2023-2026 blei det lagt inn 61 millionar kroner for å ta høgd for uføreseielege utgifter. Midla blei fordelt på åra 2023 til 2026. Det må påreknast at dette beløpet har auka i 2024 med pris og lønsvekst dei siste fire åra. Innstillinga frå kommunedirektøren i handsaminga av Skulebruksplan 2020-2028 var ei nedlegging av skulen. Konsekvensar ved ei eventuell nedlegging er vurdert å vera auka reisetid for elevane, auka kostnader til skyss og at bygda mister eit viktig samlingspunkt. Kommunestyret fatta vedtak om ei rehabilitering og tilbygg til skulen i KS 3. mai 2022. Agenda Kaupang gjennomførte ein drift- og ressursanalyse i 2022 av grunnskulen i Time, og gav kommunen råd på korleis utvikla ein meir berekraftig skulestruktur. Der rådar ein kommunen til å vurdera talet på skular og nytta kapasitet i eksisterande bygg. Det er kapasitet på Rosseland skule til å ta i mot elevane ved Hognestad skule.

For å drifta skulen vidare må det prioriterast å tidfesta kva tid skulen skal rehabiliterast. Prosjektet med å utbetra og bygga tilbygg er skyvd ut av Timeplan 2024- 2027. I påvente av ei tidfesting bør det gjennomførast tiltak som ein har avventa med etter tilsyn gjennomført av miljøretta helsevern i 2020. Kostnader på dette er ikkje estimert.

# Frøyland skule

## Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	372	380	386	399	405	419	426	434	439
Elevar	353	360	365	377	384	397	403	411	416
Kapasitet	540	540	540	540	540	540	540	540	540
Ledig kapasitet	● 187	● 180	● 175	● 163	● 156	● 143	● 137	● 129	● 124

Frøyland skule har kapasitet til å ta i mot 540 elevar. Prognosen viser at Frøyland skule har svært god kapasitet ut over planperioden.

## Tilstand på skulebygg

Frøyland skule ligg sentralt på Kverneland med Frøyland ungdomsskule som næraste nabo. Skulen er bygd ut i fleire etappar, der siste ombygging inkludert ny idrettshall sto ferdig i 2017. Den har eit oppgradert og godt uteområde, der både uteområdet og bygget er relativt godt universelt tilrettelagt.

**Tekniske anlegg** i bygget er relativt gode, men det er behov for nytt SD-anlegg og å auka kapasiteten på varmedistribusjonen. Dette har ein estimert kostnad til 2,5 millionar kroner. Skulen har felles varmeanlegg med Frøyland ungdomsskule.

**Energiøkonomisk** bør det vurderast å etterisolera den eldste delen av bygningsmassen. Det ligg til rette for at det kan monterast solcelleanlegg her, med kapasitet opp mot 160kWp til en kostnad estimert til om lag 2,5 millionar kroner.

**Brannteknisk** manglar det brannkonsept for bygg A og B for å få oversikt over feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard. Det er òg behov for å bytta ut to eldre brannsentralar til en total kostnad på om lag 150.000 kr.

## Vurdering knytt til vidare drift

Frøyland skule har i planperioden eit stigande elevtal. Sjølv med vekst er det ein kapasitet mellom 187 til 124 ledige skuleplassar og det er svært god kapasitet i heile perioden. Det er eit estimert behov for oppgradering pålydande 5 millionar kroner.

# Lye skule

## Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år Lye	321	322	322	326	327	317	316	317	320
Elevar	302	304	303	307	308	299	298	299	301
Kapasitet	350	350	350	350	350	350	350	350	350
Ledig kapasitet	● 48	● 46	● 47	● 43	● 42	● 51	● 52	● 51	● 49

Lye skule har ein kapasitet på 350 elevar. Prognosen viser at skulen har god kapasitet i planperioden.

## Tilstand på skulebygg

Lye skule ligg sentralt plassert på Lye i nær tilknytning til Lyehallen, idrettsanlegg og Lye ungdomsskule. Skulen blei bygd i 1984 og 2. byggetrinn stod klart til skulestart i 1989. Det er gjort mindre justeringar i bygningsmassen opp gjennom åra. Skulen er delvis universelt utforma. Skulen har eit greitt uterom med ein ny kvartalslekeplass, som ein del av uteområdet.

ATO-avdeling er planlagt inn i dette bygget, noko som medfører at kunst og handverksfaga vil bli flytta ut av bygget og inn i paviljongbygget.

**Teknisk** anlegg er i hovudsak frå byggeår, og må etterkvart oppgraderast. Det kunne med fordel vore installert varmepumpe, varmeanlegg og radiatorar, for å få ei betre styring og meir effektivt oppvarming. Alt dette har ein estimert kostnad på 4-5 millionar kroner.

**Energiøkonomisk** bør oppvarminga med gamle elektriske omnar bytast ut, og på sikt bør ein bytta ut resten av dei gamle vindauga, og vurdera ekstra isolering av vegger og tak for å gjera bygget mindre energikrevjande.

Det blei montert solcelleanlegg i 2023. Det er moglegheiter for å utvida dette anlegget, noko som vil bli vurdert fortløpande i forhold til prioriteringar av budsjett og kor det er størst behov.

Det er gjort **branntekniske** vurderingar i dette bygget. Feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard, vil bli gjort i samband med bygginga av ATO-avdelinga.

## Vurdering knytt til vidare drift

Lye skule har eit stabilt elevtal og det er kapasitet i planperioden. Det er eit behov for teknisk og energiøkonomisk oppgradering av skulen. Den energiøkonomiske oppgraderinga er ikkje estimert med kostnad, men oppgradering av det tekniske anlegget er estimert til 4- 5 millionar kroner.

# Undheim skule

## Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	121	117	118	117	113	113	114	113	116
Elevar	111	106	107	107	103	103	104	103	106
Kapasitet	183	183	183	183	183	183	183	183	183
Ledig kapasitet	● 72	● 77	● 76	● 76	● 80	● 80	● 79	● 80	● 77

Undheim skule har kapasitet på 183 elevar. Fram mot 2032 vil elevtalet vera rett i overkant av 100 elevar. Prognosen viser at skulen har god kapasitet i planperioden.

## Tilstand på skulebygg

Skulen ligg sentralt i bygda og er frå 1954 med diverse påbygg og utbetringar opp gjennom åra. Bygget er gammalt og har behov for større oppgradering. Det er store manglar på universell utforming, men dette er ikkje kartlagt per i dag. Uteområdet er oppgradert for nokre år sidan og er i bra stand.

**Teknisk** anlegg er av eldre dato og det bør vurderast å bytta ventilasjonsanlegg og montera inn varmeanlegg med styring. Dette har ein estimert kostnad på 2,5 millionar kroner. Det er òg behov for å skifta ut det aller meste av gammal belysning i dette bygget, til ein estimert kostnad på 1,5 millionar kroner.

**Energiøkonomisk** er dette bygget dårleg, og det bør vurderast å bytta ut vindauge og å etterisolera bygget. Her er det ikkje gjort nokre kostnadsberekningar per i dag. Solceller kan monterast, med ein kapasitet på opp mot 160kWp med kostnad på 2,5 millionar kroner

**Brannteknisk** manglar det eit brannkonsept for å få ei oversikt over feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard.

Oppsummert er det behov for ein gjennomgang av tilstand av skulen for å kunne gjera nødvendige kostnadsberekningar for vidare oppgradering.

## Vurdering knytt til vidare drift

Undheim skule har stabilt elevtal i planperioden og det er god kapasitet i heile perioden. Det er stort behov for ei oppgradering av skulen. For å kunne estimera kostnader dette medfører, må det gjennomførast ein byggteknisk kartlegging av heile skulen. Med stabile elevtal og forventa utbygging, må Undheim skule prioriterast for utbetring og oppgradering.

# Frøyland ungdomsskule

## Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år	183	191	166	163	166	169	174	175	184
Elevar	173	181	158	155	158	161	166	166	174
Kapasitet	154	154	154	154	154	154	154	154	154
Ledig kapasitet	● (19)	● (27)	● (4)	● (1)	● (4)	● (7)	● (12)	● (12)	● (20)

Frøyland ungdomsskule har ein kapasitet på 154 elevar. Prognoser viser at skulen i planperioden vil ha noko fleire elevar enn det er kapasitet. Dette er løyst gjennom mindre ombyggingar, der ein har bygd om fellesareal til klasserom. Ved behov utover dette, skal det vera sambruk med Frøyland skule.

### Tilstand på skulebygg

Frøyland ungdomsskule ligg sentralt plassert på Kverneland med Frøyland skule som næraste nabo. Dette bygget blei rehabilitert med eit påbygg i 2008, med nokre mindre tilpassingar i forhold til elevtal i ettertid. Skulen har eit oppgradert og relativt greitt uteområde. Skulebygget er delvis universelt utforma.

**Tekniske anlegg** i bygget er relativt bra, der det er felles varmeanlegg med Frøyland skule.

**Energiøkonomisk** er deler av bygget ok, medan andre deler ikkje er så bra i forhold til alder.

**Brannteknisk** har avdekka nokre avvik som må rettast opp. Det er ikkje rekna ut estimert kostnad på dette.

### Vurdering knytt til vidare drift

Frøyland ungdomsskule har stigande elevtal i planperioden. Dette blir løyst ved sambruk med Frøyland skule. Det er behov for energiøkonomisk og brannteknisk oppgradering av skulen, men det er ikkje estimert med kostnad på dette.

## Lye ungdomsskule

### Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år Lye og Undheim	187	183	185	182	184	194	190	191	178
Elevar	148	146	147	144	146	154	151	151	141
Kapasitet	180	180	180	180	180	180	180	180	180
Ledig kapasitet	● 32	● 34	● 33	● 36	● 34	● 26	● 29	● 29	● 39

Lye ungdomsskule har ein kapasitet på 180 elevar. Framskrivinga viser at skulen vil ha god kapasitet i planperioden

### Tilstand på skulebygg

Lye ungdomsskule ligg sentralt plassert på Lye i nær tilknytning til Lyehallen, idrettsanlegga og Lye skule. Skulen blei bygd i 1996 med eit påbygg i 2001. Det er gjort mindre justeringar i bygningsmassen opp gjennom åra i forhold til behov og elevtal. Skulen har eit dårleg uterom, der det er planlagt å gjera nokre tiltak i 2024. Skulen er bygd på eitt plan, og den universelle utforminga er relativt bra

**Teknisk** er dette bygget relativt dårleg, då det aller meste er frå då skulen blei bygd. Det er behov for nye ventilasjonsanlegg og varmepumpe med nytt varmeanlegg. Dette har en estimert kostnad på omlag 5 millionar kroner.

**Energiøkonomisk** byrjar bygningsmassen å bli nokre år. Det manglar nyare vindauge og betre isolasjon i vegger og tak for å redusera kostnader til oppvarming. Det er satt av pengar i økonomiplan 2024-2027 for å rehabilitera mat- og helse og auditorium.

**Brannteknisk** manglar ein ei revidering av brannkonseptet for å få oversikt over feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard.

### Vurdering knytt til vidare drift

Lye ungdomsskule har eit stabilt elevtal i planperioden. Prognosen viser at det er god kapasitet i heile perioden. Det er eit behov for teknisk, energjøkonomisk og brannteknisk oppgradering av skulen. Den energjøkonomiske og branntekniske oppgraderinga er ikkje estimert med kostnad, men oppgradering av det tekniske anlegget er estimert til 5 millionar kroner. Agenda Kaupang gjennomførte ein drift- og ressursanalyse i 2022 av grunnskulen i Time, og gav kommunen råd på korleis utvikla ein meir berekraftig skulestruktur. Der rådar ein kommunen til å vurdere talet på skular og nytta kapasitet i eksisterande bygg. Nedlegging av Lye ungdomsskule var eitt av forslaga til tiltak kommunen kunne gjera for å få ein berekraftig skulestruktur. Det er kapasitet til å ta i mot elevane frå Lye og Undheim på ungdomsskulane i Bryne sentrum. Prognosane viser at det er stabile elevtal fram mot 2032. Det er godkjende reguleringsplanar for 160 bustader i Arealdelen 2018-2030. På lang sikt blir Lyefjell vurdert som eit viktig område for vidare planløysing på Jæren.

## Bryne ungdomsskule

### Elevtalsutvikling

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år	399	374	382	372	369	353	350	338	321
Elevar	399	374	382	372	369	353	350	338	321
Kapasitet	450	450	450	450	450	450	450	450	450
Ledig kapasitet	51	76	68	78	81	97	100	112	129

I prognosen for Bryne ungdomsskule har ein måtta gjennomføra ei manuell teljing for å kunne estimera elevtalsutviklinga, jf. dei rettleiande kringsgrensene som deler grunnkrets Norheim 202. Desse tala baserer seg difor på elevar som per i dag bur i denne grunnkretsen, og tek ikkje høgde for dei andre variablane som skal vera del av ein prognose.

Bryne ungdomsskule har kapasitet til 450 elevar. Skulen er delt inn i tre trinnområde som har kapasitet til 150 elevar per trinn. Prognosen viser at det er god kapasitet i planperioden.

### Tilstand på skulebygg

Bryne ungdomsskule ligg sentralt i Bryne sentrum og er bygd ut i fleire etappar, der siste ombygging sto ferdig i 2016. Skulen har eit oppgradert og godt uteområde. Både uteområdet og bygget er brukbart universelt utforma.

**Teknisk** er skulen i god stand, men det er behov ny varmpumpe, som blir montert sommar 2024. Det kan på litt lengre sikt vera behov for å bytta ut varmestyringa til en



kostnad på om lag 300.000 kr. Det er plass til montering av stort solcelleanlegg med stort potensiale opp mot 440kWp med kostnad til om lag 7 millionar kroner.

**Brannteknisk** manglar ein eit heilskapleg brannkonsept for å få oversikt over feil og manglar som må rettast opp i forhold til dagens standard.

### Vurdering knytt til vidare drift

Bryne ungdomsskule har nedgåande elevtal i planperioden, og det er god kapasitet i heile perioden. Det er ikkje behov for teknisk og energiøkonomisk oppgradering av skulen.

## Vardheia ungdomsskule

Vardheia ungdomsskule er eit samarbeidsprosjekt mellom Klepp og Time kommune som blir regulert gjennom ein vertskommuneavtale, der Time kommune er eigar. Skulen har ein kapasitet på 450 elevar, der kommunane har 225 elevplassar kvar.

### Elevtalsutvikling

Time kommune

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år	155	164	149	160	153	159	148	162	169
Elevar	155	164	149	160	153	159	148	162	169
Kapasitet	225	225	225	225	225	225	225	225	225
Ledig kapasitet	● 70	● 61	● 76	● 65	● 72	● 66	● 77	● 63	● 56

I prognosen for Vardheia ungdomsskule har ein måtta gjennomføra ei manuell teljing for å kunne estimera elevtalsutviklinga, jf. dei rettleiande kringsgrensene som deler grunnkrets Norheim 202. Desse tala baserer seg difor på elevar som per i dag bur i denne grunnkretsen, og tek ikkje høgde for dei andre variablane som skal vera del av ein prognose.

Framskrivinga syner at veksten går nedover fram mot 2032, og at det vil vera god plass i planperioden.

Klepp kommune

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Elevar	228	216	173	151	150	147	144	133	137
Kapasitet	225	225	225	225	225	225	225	225	225
Ledig kapasitet	● (3)	● 9	● 52	● 74	● 75	● 78	● 81	● 92	● 88

Prognosen for Klepp syner i framskrivinga ein nedgang i elevtal frå Orre og Tu krinsane. Det er god kapasitet i planperioden.

### Tilstand på skulebygg

Skulen har eit godt uterom, plassert tett på Bryne sentrum. Bygget og uteområdet er godt universelt tilrettelagt.

**Teknisk** tilstand for varme og ventilasjon er bra. Det same gjeld for det **branntekniske** og **energiøkonomiske**.

### Vurdering knytt til vidare drift

Vardheia ungdomsskule har synkande elevtal i planperioden og det er god kapasitet i heile perioden. Det er ikkje behov for teknisk og energiøkonomisk oppgradering av skulen.

# Prioritert oppgradering av skulebygg

Det kjem fram av årsoppgjeret at skulane framleis går med meirforbruk i 2023. Dette viser at det framleis er utfordring knytt til skulane sitt handlingsrom. Eitt av råda til Agenda Kaupang omtalt i innleiinga var å vurdere skulestrukturen i kommunen. Prognosen viser at elevtala framleis går ned, og det er overkapasitet på alle skulane. Ei problemstilling er at det er aldrande befolkning i Time kommune, og at tenester skal gjevast innanfor dei same økonomiske rammene. Det er viktig å sikra at me kan innfri sektormåla for grunnskulen, og at skulane har dei nødvendige rammene for å gje tenester i tråd med lovkrava. Med dette bakteppet må det tas ei avgjerd om kva skulestruktur kommunen skal ha i framtida.

Oppsummert viser tilstanden på skulebygga at det må gjerast ei prioritering for oppgradering av fleire av skulane i komande økonomiplanar. Dersom ein ikkje endrar på skulestrukturen blir det tilrådd følgande rekkefølge ut frå tilstandsvurderinga:

1. Hognestad skule
2. Undheim skule
3. Lye ungdomsskule
4. Lye skule
5. Bryne skule